


Kunstplan for Bybanen

Delplan for Flesland haldeplass, byggetrinn 3

Oppdragssum: NOK 1 650 000,-



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Staden.

Bybanen får sitt endestopp ved Bergen Lufthavn Flesland. Her bygger Avinor ein ny flyplassterminal som skal stå ferdig sumaren 2017. Bybanen sin haldeplass vert ein integrert del av terminalen, lokalisert i underetasjen med rulletrappar og frie siktliner opp til innkomst- og avgangssoner. Området som er avsett til kunst er ein ca. 7 meter høg og 50 meter lang betongvegg på austsida av plattformene. Grunna den opne arkitekturen vil eit kunstverk her og kunne opplevast frå etasjen over, av reisande på veg mot bil, buss eller drosjer. Haldeplassen har tak overbygg, men veggen vil likevel i nokon grad kunne verte utsett for vind og nedbør.

Flyplassterminalen er teikna av Nordic Office of Architecture. Arkitekturen er stramt forma, med vekt på klare visuelle kodar. Det skal vera enkelt for dei reisande å ta seg fram. Terminalen har ope romløy-
ing, med fri sikt mellom øvre og nedre trafikkområder. Glasvegger vil skilje ute og inne. Bybanen sin haldeplass vil vera i underetasjen utomhus, men under tak. Plattformen vert venteplass for dei som kjem med fly og skal reisa med Bybanen mot Bergen sentrum.

*Illustrasjonen viser perrongen til bybanestoppet, sett mot sør.
Veggen som er tenkt til kunst er til venstre.*





Sett mot nord. Arkitekturen er open, med frie siktlinjer mellom etasjane. Her ser ein ned mot bybanestoppet, bak glasveggen til venstre er flyplassterminalen. Kunstveggen er nede til høgre.

Grunngeving for val av type kunst og plassering.

Eit kunstprosjekt på Bybanen sin stoppestad på Flesland vil kunne opplevast av alle som kjem til Bergen med fly og som nyttar Bybanen som transport mot sentrum. Flesland er ein port til Bergen og Vest-Noreg og eit kunstprosjekt her vil vera eit viktig møtepunkt mellom byen og dei reisande.

Kunstprosjektet vil kunne opplevast av dei som venter på plattformen, og av reisande som går mot buss, bil eller drosje i etasjen over. Situasjonen er visuelt avklara, med få eller ingen forstyrrende element.

Som overordna idé for prosjektet ligger føringane som er nedfelt i kunstplanen sin hovuddel, sjå denne. Oppdraget skal gjennomførast som eit A-prosjekt. A-prosjekta er knytt til dei overordna visjonane som ligg til grunn for bygginga av Bybanen; satsing på ei berekraftig utvikling lokalt og globalt. Kunstnaren skal ha vidt spelerom og fridom i tolking av oppgåva.

Av trafikk- og tryggleikssyn må kunsten vera fastmontert på vegg og ha maksimal djupn på om lag 50 cm. Veggene er nær Bybanen sine skinner, signal og straumførande kablar, og det vil difor verta strenge krav til planlegging av montering og ettersyn av kunsten. Det vil ikkje vera tid for produksjon på staden. Kunsten må produserast på førehand og monterast i løpet av 3 – 5 netter.

Framlegg til gjennomføring.

Kunstutvalet vil lysa ut ein open prekvalifisering med mål om å finna 4 – 5 kunstnarar eller kunstnar-grupper til lukka konkurranse. Kunstutvalet vil alternativt velje kunstnar til direkte oppdrag. Kunstutvalet har rett til og å ta inn kunstnarar som ikkje melder seg i prekvalifiseringa.


Der er avsett NOK 200 000 til konkurransehonorar. Konkurransedeltakarane vil i tillegg få dekkja reise og opphald ved start av konkurransen. Den kunstnar som vert vald vil og få dekkja reise og opphald ved synfaring når prosjektet startar.

Oppdragssum er inntil NOK 1,65 millionar.


Kunstprosjektet skal vera ferdig til flyplassterminalen opnar sumaren 2017.




Her får ein godt inntrykk av det høge opne rommet. Sett mot sør, kunstveggen til venstre, flyplassterminalen bak glasveggen til høgre.



*Illustrasjonane syner tverrsnitt og 3D-modell.
Kunstvegg markert med raudt.*



Lengdesnitt



Framdrift.

2015

Godkjenning av delplan:	mai
Utlysning av prekvalifisering:	juni og august
Frist for prekvalifisering:	15. september
Start lukka konkurranse:	november

2016

Frist for levering av konkurranseframlegg:	4. april
Eventuell utstilling av framlegga:	veke 21
Juryering innan:	4. juni
Tildeling av oppdrag:	4. juni
Levering av skisser:	29. august
Godkjenning skisser:	veke 35
Produksjon:	september -

2017


Produksjon:	- mai
Ferdigstilling og overtaking:	juni

Formidling.

Formidling av Bybanen sitt kunstprogram er gjort greie for i kunstplanen sin hovuddel.

Forvaltning.

Forvaltning av Bybanen sitt kunstprogram er gjort greie for i kunstplanen sin hovuddel.





Agnes Mowinkels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Illustrasjon side 4: Nordic – Office of Architecture ©
Øvrige illusrasjonar: BBU, Mott Mac Donald ©